

Intern utlysning i barneverntenesta

100 % stilling som tiltaksutøvar; Tiltak for Barn og Unge (TBU).

Om stillinga

Radøy kommune har konkludert med at barneverntenesta, utover leiar og merkantil, skal bestå av fire sakshandsamingsstillingar (barneverntenesta) og ein tiltaksstilling (TBU). Bakgrunnen for dette er todelt. Den eine bakgrunnen er ei vurdering av at det er naudsynt at ein tiltaksutøvar får tid og moglegheit til å fordjupe seg, og fokusere sin kompetanse på tiltaksutøving. Den andre bakgrunnen er at fleire instansar i Radøy kommune over tid har meldt eit behov for ein tilgjengeleg førebyggjande barnevernsressurs til barn og familiar.

TBU er ei endring av ei av stillingane i barneverntenesta, og ikkje ei ny stilling.

Stillinga vil vere ei svært spennande utfordring. Den vil og vere krevjande, i høve at stillinga må etablerast og formast. Det kan i periodar verte utfordrande å prioritere oppdrag, og det kan i periodar verte utfordrande å velje kva ein skal gjere. Stillinga kan verte opplevd som einsam, eller kan verte opplevd som ein del av eit stort kollegium i tenester for barn og unge på Radøy. Stillinga vil stille krav og forventningar til sjølvstende, samarbeidsevne og løysingsfokus.

Stillinga, og denne måten å organisere barneverntenesta på, skal evaluerast ved utgangen av desember 2015. Dersom vurdert positiv, skal organiseringa verte fast.

Organisering

Barnevernleiar vil ha personal-, økonomi- og fagansvar for både sakshandsamarene og TBU. TBU er ein del av barneverntenesta sin personalgruppe, og vil delta i barneverntenesta sine samlingspunkt.

TBU vil bestå av denne eine tiltaksstillinga. Det vil vere naturleg med tett samarbeid både med barneverntenesta forøvrig, kommunepsykolog, helsestasjon og øvrige tenester.

TBU vil motta tilvisingar frå t.d. barneverntenesta, PPT, Psykisk helse, helsestasjon, skulane, barnehagane, NAV, ungdomskoordinator. Barn, unge og familiar kan og sjølv kontakte TBU. Barnevernleiar og TBU vil ha jamnlege møter kor tilvisingar vert gjennomgått, og sakar vert prioritert. Det vil verte ført ei oversikt over tilvisingar. TBU tek i tillegg eige initiativ til gruppetilbod.

Barnevernsakar etter vedtak har førsteprioritet hjå TBU. I høve barnevernsakane vil det verte utforma eit tilvisingsskjema, og ein rapportmal. TBU vil i barnevernsakane få fristar for innlevering av rapport. TBU vil sannsynleg verte vitne i sakar for fylkesnemnd eller tingrett.

TBU vil ha teieplikt som eige tenesteområde, og meldeplikt til barneverntenesta i sakar som ikkje er tilmeldt frå barneverntenesta.

TBU vil få rettleiing innan familierettleiing.

TBU er tenkt å ha ei indikert førebyggjande innretning. Med dette meinast hjelp til einskilde barn/familiar og grupper, som enten har vanskar eller risiko for utvikling av vanskar.

Det vil vere behov for noko fleksibilitet i høve å gjere oppdrag på ettermiddag.

Arbeidsoppgåver

Arbeidsoppgåvene for tiltaksstillinga TBU er knytt til barnevernlova:

§ 1-1 Bidra førebyggjande i høve trygge oppvekstvilkår:

- Foreldre/familierettleiing
- Rettleiing/støttesamtalar til barn og unge
- Ulike miljøterapeutiske oppgåver
- Individuell plan koordinering
- Førebyggjande gruppetiltak for barn og unge

§ 4-4, 2. Hjelpetiltak etter vedtak frå barneverntenesta

- Foreldre/familierettleiing
- Rettleiing/støttesamtalar til barn og unge
- Ulike miljøterapeutiske oppgåver
- Gruppetiltak for barn og unge

§ 4-12 Barn under omsorg etter vedtak frå fylkesnemnda

- Rettleiing til fosterforeldre

§ 1-3 Oppfølging av ungdom over 18 år som ettervern etter barnevernvedtak

- Rettleiing/støttesamtalar

Lista er ikkje utfyllande. Arbeidsoppgåvene vil i stor grad vere behovsstyrt i høve tiltak for barn og unge.

Om utlysninga

Denne utlysninga går til dei tilsette i barneverntenesta. Den tilsette som får stillinga som tiltaksutøvar, vil ikkje få endra løn i samband med tilsettinga. Endringa vil ikkje medføre endring i ansiennitetsberekning.

Stillinga vil startast snarast mogleg. Det vil vere ei overgangsperiode med avslutning av sakshandsamingsoppgåver.

Søknad

Skriftleg søknad med bakgrunn for å ønskje denne stillinga sendast til barnevernleiar (gjerne på epost) innan fredag 17. april 2015.

Vurderingskriterier

Barneverntenesta skal ha best mogleg kompetanse både innan sakshandsaming og tiltaksutøving, og tilsetting skjer med det som siktemål. Difor vil kompetansesamansetning både i sakshandsamingsgruppa og TBU verte vektlagt i vurderinga. I høve tiltaksstillinga vil og mellom anna formalkompetanse i tiltaksutøving, erfaring i tiltaksutøving, og motivasjon vere relevant. Det er behov for at tiltaksutøvaren har ei aktiv og løysingsfokusert innstilling til kompleksiteten i stillinga, og til opparbeiding av solid terapeutisk familierettleiingskompetanse og utarbeiding av rapportar i høve familierettleiingsoppdrag. Vurderinga vert gjort opp mot føresegna i denne stillingsutlysinga.

I høve endringsprosessen

Alle tilsette har hatt høve til uttale angående endringa, og endringsforslaget har vore tema i felles møte. Tilbakemeldingane har vore positive. Alle endringar, sjølv om tilsette i fellesskap er positive til planen, kan likevel gi utfordringar. Til dømes dersom ingen ønskjer stillinga, eller dersom fleire enn ein ønskjer stillinga. I slikt tilfelle er det eit håp og ei forventning om at det oppretthaldast profesjonalitet og positivitet i arbeidsmiljøet, sjølv om ein kanskje ikkje i denne omgang fekk den stillinga ein ønskja.